

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 01.12.2016

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

«Tillegg:

Generelt

Klimaplanen skal leggest til grunn for andre regionale planar i Hordaland. På denne bakgrunnen er det naudsynt at Klimaplanen og handlingsprogrammet vert lagt inn som faste postar i møteplan og sakshandsaminga til utval for miljø og samferdsel gjennom heile året slik at miljø- og klimautfordringane vert belyste og ivaretekne i samsvar med dei fullmaktene utvalet har.

Fylkestinget syner til den nasjonale satsinga på bioøkonomi som omfattar berekraftig, effektiv og lønsam produksjon, uttak og utnytting av fornybare biologiske ressursar til mat, fôr, ingrediensar, helseprodukt, energi, materialar, kjemikaliar, papir, tekstilar og andre produkt.

Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet vert prioritert å utarbeida ein strategi for bioøkonomi i Hordaland i samsvar med den nasjonale strategien.

Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen:

- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å kartleggja potensialet for auka produksjon av biodrivstoff i Hordaland
- Vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen
- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar og verksemdar om å stilla krav om nullutslepp for transportørar som skal utføra oppdrag og leveransar
- Medverka til at det vert bygd infrastruktur for biodrivstoff
- Stilla krav om auka bruk av biogass i nye kollektivkontraktar

Det vert vidare synt til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt.

Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Utval for miljø og samferdsel får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om «Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren» kan gjennomførast.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

- Fylkestinget ber om framlegg til milepælar for redusert utslepp av klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2017 fram til 2025.
- Fylkestinget ber om at all planlegging av rullebane 2 på Flesland vert stoppa.
- Fylkestinget ber regjeringa komme med et nedskalert framlegg til E39 med sikte på sikker to-feltsveg med gode alternativ for gåande og syklende.»

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slik protokollmerknad:

«I møtet 01.12.2016 stemmer Frp mot alle tillegg og jobbar med dette fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag, første kulepunkt vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H, Frp).

Hammer sitt forslag, andre kulepunkt fekk 3 røyster (SV, MDG, V) og fall.

Hammer sitt forslag, tredje kulepunkt fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek Klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 slik det går fram av saka.
2. Økonomisk ramme for klimaplanen sitt handlingsprogram for 2017 (klimabudsjettet) vert handsama i fylkesbudsjettet for 2017.
3. Førrebels fordeling av midlar frå klimabudsjettet på dei einskilde tiltaka er basert på kostnadsoverslag og går fram av handlingsprogrammet.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere mindre vesentlege justeringar.
5. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling årleg gå gjennom korleis fylkeskommunen kan få til naudsynte kutt i klimagassutslepp frå eiga verksemd og i fylket generelt.
6. I samarbeid med klima- og naturressursseksjonen skal kvar avdeling gå gjennom korleis fylkeskommunen skal vurdere klimarelevans og -konsekvens i sakshandsaminga.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen informere i eiga sak om den fylkeskommunale innsatsen for, og andre relevante initiativ knytt til hydrogen innan sektorane samferdsel, energi og næring. Vidare ber fylkestinget administrasjonen om å vurdere og foreslå korleis fylkeskommunen kan arbeide strategisk og heilskapleg vidare med hydrogen.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere korleis bioøkonomi og grøn økonomi kan definerast nærare og konkretiserast for Hordaland.
9. Fylkestinget merker seg at utsleppa frå 7 kvotepliktige industriverksemdar står for nesten 60 % av alle utsleppa frå Hordaland. Fylkestinget er bekymra for at reduksjonen i utsleppa deira ikkje skjer raskt nok til å nå måla. Fylkestinget ber om informasjon frå verksemdene om kva dei kan og vil gjere for å redusere sine utslepp.
10. Generelt  
Klimaplanen skal leggest til grunn for andre regionale planar i Hordaland. På denne bakgrunnen er det naudsynt at Klimaplanen og handlingsprogrammet vert lagt inn som faste postar i møteplan og sakshandsaminga til utval for miljø og samferdsel gjennom heile året slik at miljø- og klimautfordringane vert belyste og ivaretekne i samsvar med dei fullmaktene utvalet har.

Fylkestinget syner til den nasjonale satsinga på bioøkonomi som omfattar berekraftig, effektiv og lønsam produksjon, uttak og utnytting av fornybare biologiske ressursar til mat, fôr, ingrediensar, helseprodukt, energi, materialar, kjemikaliar, papir, tekstilar og andre produkt.

Fylkestinget ber om at det i det vidare arbeidet med Klimaplanen og handlingsprogrammet vert

prioritert å utarbeida ein strategi for bioøkonomi i Hordaland i samsvar med den nasjonale strategien.

Som ein del av denne strategien skal fylkeskommunen:

- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar, næringsliv, landbruksorganisasjonar og andre interesseorganisasjonar for å kartleggja potensialet for auka produksjon av biodrivstoff i Hordaland
- Vere ein pådrivar for at bruk av biogass skal verte eit reelt alternativ for aktørar i transportbransjen
- Ta initiativ til eit samarbeid med kommunar og verksemder om å stilla krav om nullutslepp for transportørar som skal utføra oppdrag og leveransar
- Medverka til at det vert bygd infrastruktur for biodrivstoff
- Stilla krav om auka bruk av biogass i nye kollektivkontraktar

Det vert vidare synt til tiltak 5.17 Klima- og miljøkrav i utbyggingsprosjekt.

Dette tiltaket skal prioriterast i handlingsprogrammet for 2017. Utval for miljø og samferdsel får ei sak der ein gjer greie for korleis krav om «Klima- og miljøbudsjett for alle store utbyggingsprosjekt i vegsektoren» kan gjennomførast.

11. Fylkestinget ber om framlegg til milepælar for redusert utslepp av klimagass og lokal luftforureining for kvart andre år frå 2017 fram til 2025.

#### **Protokollmerknad frå Frp**

I møtet 01.12.2016 stemmer Frp mot alle tillegg og jobbar med dette fram mot fylkesutvalet og fylkestinget.